



Statens vegvesen

ÅLESUND KOMMUNE
Postboks 1521

6025 ÅLESUND

Behandlende enhet:
Transport og samfunn

Saksbehandler/telefon:
Vidar Neraas / 71274773

Vår referanse:
20/126133-15

Deres referanse:
23/7501 –
24/70904

Vår dato:
16.08.2024

Uttale til 2. gangs høring av detaljregulering – Gnr. 19 bnr. 14 m.fl. – Blindheimsbreivika – Ålesund kommune

Vi viser til høring, datert 26.06.2024..

Saken gjelder

Reguleringsplanen er endret etter offentlig ettersyn ved at plangrensen er utvidet, endring av områdene som er satt av til boligformål, endring atkomstløsning fra fylkesvegen samt noen mindre justeringer.

Statens vegvesens rolle i planleggingen

Statens vegvesen har ansvar for at føringer i Nasjonal transportplan (NTP), Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, vegnormalene og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringer blir ivaretatt i planleggingen.

Vi skal bidra til å følge opp FNs bærekraftsmål rettet mot transportsektoren gjennom oppfølgingen av NTP-målene, hvor hovedmålet er et effektivt, miljøvennlig og trygt transportsystem i 2050. Under er det fem likestilte delmål;

- Mer for pengene
- Effektiv bruk av ny teknologi
- Bidra til oppfyllelse av Norges klima- og miljømål
- Nullvisjon for drepte og hardt skadde
- Enklere reisehverdag og økt konkurransevne for næringslivet.

Vi uttaler oss som forvalter av riksveg på vegne av staten, og som statlig fagmyndighet med sektoransvar innenfor vegtransport. Vårt sektoransvar for vegnettet betyr at vi har et overordnet ansvar for at trafikksikkerhet, framkommelighet, universell utforming, klima og

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 3. etg.
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

miljøhensyn, samt at helhetlig bypolitikk ivaretas i alle planforslag som berører samferdsel. Gjennom vårt sektoransvar skal vi bidra til samarbeid mellom aktuelle myndigheter, næringsliv og innbyggerne med mål om en bærekraftig utvikling.

Vår vurdering

Vi registrerer at det har vært en god dialog med Møre og Romsdal fylkeskommune i ettertid av offentlig ettersyn, og at plandokumentene er justert for å imøtekomme merknadene de har kommet med knyttet til fylkesvegen. Vi har ingen merknader til de endringene som er foreslått.

Transportforvaltning midt

Med hilsen

Linda Heimen
seksjonssjef

Vidar Neraas
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Kopi

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE



Ålesund kommune
Postboks 1521
6025 ÅLESUND

Dykkar ref: 23/7501	Dykkar dato: 02.07.2024	Vår ref: 23/56447 - 24/103411	Vår saksbehandlar: Ingeborg Forseth - 712 80 155	Dato: 04.07.2024
---------------------	-------------------------	-------------------------------	--	------------------

Ålesund kommune - detaljregulering - reguleringsplan - tilrettelegge området for boligbebyggelse gbnr 19/14 mfl i Blindheimsbrevika - trekk av motsegn

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av regionalt planforum. Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

INNLEIING

Saka gjeld planforslag for Blindheimsbrevika gbnr. 19/14 mfl. med tilhøyrande plandokument til 2. gongs offentleg ettersyn. Møre og Romsdal fylkeskommune har tidlegare hatt motsegn.

MERKNADER TIL PLANFORSLAGET

Samferdsel

Som vi tidlegare har gitt signal på, er det gjort fleire endringar i planforslaget for å imøtekomme våre motsegn fremma ved førstegongs offentleg ettersyn. Areal avsett til «annan veggrunn» er

auka på utsida av fortauet og plassering av avkøyrse til området K/L/I er flytta vekk frå kryssområdet ved fv. 6210. På bakgrunn av desse endringane vurderer vi at vi kan **trekke motsegn** knytt til plassering av avkøyrse til området K/L/I samt avsetting av areal til «annan veggrunn».

Vi fremma i fråsegn til førstegongs offentleg ettersyn motsegn knytt til at sikkerheitssona til fylkesveg ikkje var vurdert, og at eventuelt behov for rekkverk var omtalt og sikra som rekkefølgjekrav. Ved gjennomgang av planomtalen kan vi ikkje sjå at fylkesvegen si sikkerheitssone er vurdert spesifikt. Det blir kort vist til i planomtalen at nivåforskjellene/terrenget vil på deler av området bli heva for å gi hensiktsmessige vegtraséar. Det er ikkje stilt rekkefølgjekrav eller liknande til desse terrengendringane, og heller ikkje noko krav om at sideterrenget skal utformast på ein trygg måte i krav med krava i Statens vegvesen si handbok N101.

Sjølv om det er manglande vurderingar knytt til sikkerheitssoner i planomtalen og sikring i føresegna, vel vi å stille følgjande som **vilkår for eigengodkjenning**:

- Det må innarbeidast eit rekkefølgjekrav om at sideareal på utsida av fv. 6210 og fortau må utformast i tråd med krava i Statens vegvesen si handbok N101.

KONKLUSJON

Møre og Romsdal fylkeskommune kan trekke vårt motsegn knytt til plassering av avkøyrse til området K/L/I samt avsetting av areal til «annan veggrunn».

Vi stiller som vilkår for eigengodkjenning at det innarbeidast eit rekkefølgjekrav om at sideareal på utsida av fv. 6210 og fortau må utformast i tråd med krava i Statens vegvesen si handbok N101.

Med helsing

Ingunn Bekken Sjøholm
seksjonsleiar

Ingeborg Forseth
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:
Statens vegvesen

Kopi til:

Statsforvaltaren i Møre og
Romsdal

Fagsaksbehandlar:

Samferdsel: rådgivar Lisa Enstad, tlf. 71 28 05 40



ÅLESUND KOMMUNE
Postboks 1521
6025 ÅLESUND

Saksbehandlar, innvalstelefon

Yngvild Meinseth, 71 25 85 18

Ålesund kommune Gnr19 bnr14 m.fl. - detaljregulering Blindheimsbrevika Fråsegn til høyring

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Forslag til detaljreguleringsplan for Blindheimsbrevika er endra etter offentleg ettersyn og sendt på andre gongs høyring. Endringane gjeld utviding av plangrensene innafor planavgrensinga som vart varsla ved oppstart, omarbeiding av dei ulike delområda for bustad innafor planen, endring av kryssforslag ved fylkesvegen, samt andre mindre justeringar.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde ingen merknad.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)
underdirektør plan og klima

Yngvild Meinseth
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

Møre og Romsdal fylkeskommune
STATENS VEGVESEN

Postboks 2500
Postboks 8142 Dep

6404 Molde
0033 OSLO

ÅLESUND KOMMUNE
Postboks 1521

6025 ÅLESUND

Vår dato: 05.08.2024

Vår ref.: 201900861-7 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.: 23/7501, 24/70904

Sakshandsamar: Ole-Jakob Sande,
22959545, ojs@nve.no

NVE si generelle tilbakemelding til andre gongs offentleg ettersyn av framlegg til detaljregulering for Blindheimsbrevika - gnr. 19 bnr. 14 mfl. i Ålesund kommune

Vi viser til oversending av høyringsdokument datert 27.06.2024.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl.).

På grunn av stor saksmengd i høve til tilgjengelege ressursar har ikkje NVE kapasitet til å gå konkret inn i alle reguleringsplanar som kjem på høyring. NVE vil prioritere å gi konkrete innspel og uttalar til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

NVE si generelle tilbakemelding

Som planmynde har de ansvar for å sjå til at NVE sine saksområde blir vurdert og ivaretatt i planframlegget. Vi har laga ein [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#) som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i reguleringsplanen. Dersom de ikkje alt har gått gjennom rettleiaren rår vi dykk til å gjere det, og vurdere om våre saksområde er teke omsyn til i planen. De må vurdere om planen tek omsyn til nasjonale og vesentlege regionale interesser, jf. NVE rettleiar [2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging](#).



De kan også bruke våre nettsider for arealplanlegging. Her er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>. På NVE sine nettsider finn de koplingar til rettleiarar og verktøy. Det ligg også mykje arealinformasjon på NVE sine kartløyningar.

Kommunen sitt ansvar

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt naudsynt omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd eller uttale til saka.

De kan ta kontakt med NVE dersom det er behov for konkret hjelp i saka.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Ole-Jakob Sande
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

ÅLESUND KOMMUNE

Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
Møre og Romsdal fylkeskommune

Mottakere:

Maya Lorgen Flem	Plan og bygning
------------------	-----------------

Vår referanse:
23/7501, 24/79640

Arkivkode:

Dato:
01.08.2024

Merknad, kommuneoverlegens uttalelse - Blindheimsbrevika- gbnr. 19/14 mfl.- høring - 2. gangs behandling

Kommuneoverlegen skal gjennom uttalelser etter folkehelseloven bidra til at folkehelse blir ivarettatt i planlegging. Folkehelse er et vidt begrep som i plansammenhengen bl.a. omfatter bomiljø og trivsel, tilgang til lekeplasser og friarealer, støy, luft- og jordforurensning, trafikk-sikkerhet, skolekapasitet, påvirkning fra kraftlinjer mv.

BAKGRUNN

Kibsgaard-Petersen AS legger på vegne av Blindheimsbrevika AS detaljregulering for et område i Blindheimsbrevika ut på offentlig høring. Formålet er å legge til rette for kontor/lager/industri, bolig og naust.

Planforslaget legger til rette for utviding av næringsanlegget med utvidet bruk av eksisterende bygg og et nytt bygg ved fylkesvegen i sørøst, ny kryssløsning ved fylkesvegen, samt ny boligbebyggelse i form av inntil 32 boenheter i konsentrert småhusbebyggelse og tilhørende infrastruktur, lekeareal, friområde og offentlig turveg gjennom området. Videreføring av tre eksisterende eneboligtomter inngår også i planen.

Planområdet ligger i fortettingssone 4 – vedlikeholdsvekst gjennom forsiktig utbygging.

VURDERING

Slik saken er fremlagt, gjør kommuneoverlegen følgende vurdering av planen:

Sprikende opplysninger om antall boenheter

Planbeskrivelsens sammendrag og grunnlaget for beregning av areal til lekeplass oppgir 32 nye boenheter innen planområdet. I kapittel 6.1 – Planlagt arealbruk og reguleringsformål – er det oppgitt 30 boenheter i søndre del og 40 boenheter i nordre del, altså totalt 70 nye boenheter. I vår vurdering av saken har vi tatt utgangspunkt i 32 nye boenheter. Planbeskrivelsen må rettes opp, slik at det ikke er noe tvil på dette punktet.

Boligtype/uteopphold/bokvalitet

Etter første gangs høring er det gjort endringer som har gitt en mer oversiktlig vegføring og mer naturlig skille mellom boliger i vest og næringsareal langs fylkesvegen i øst. Dette ses som positivt, selv om det i den reviderte planen ikke er funnet plass til enda større avstand, og aller

helst også en grønn buffersone, mellom boliger og næring. Planen viser tydeligere ferdselslinjer for myke trafikanter, noe som bidrar til et sikrere bo- og oppvekstmiljø.

Førsteintrykket er likevel at 32 nærmest identiske små boenheter gir et homogent bomiljø som typisk tiltrekker seg førstegangsetablerere, og som derfor fort kan gi et ustabil bomiljø med hyppig utskifting av beboere. Boenheter for tilsvarende brukergrupper er også i stor grad etablert og regulert i planene for Remvika og Digerneset-Remvika nord for planområdet. Planen burde derfor tilrettelegge for et mer variert botilbud for ulike brukergrupper.

Planen viser en boligtetthet som ikke er forventet i fortettingssone 4. Planavdelingen har vurdert at sentral plassering mellom Moa og Blindheim og nærhet til kollektivtrasé gjør at området tåler en noe større fortetting enn det fortettingsstrategien skulle tilsi. Med den homogene rekkehusbebyggelsen oppleves likevel midtre del av planområdet som svært konsentrert. De rause eneboligtomtene i vestre del av planområdet oppveier ikke for dette. Planforslaget skal sikre minimum 20 m² uteareal per boenhet, enten som privat eller som felles uteoppholdsareal, men med gjeldende valg av bygningstype og plassering, vil det private uteområdet for den enkelte enhet bli svært begrenset. Ønsket om høy utnyttelsesgrad kan da lett gi redusert kvalitet på bo- og oppvekstmiljøet. Også på grunn av dette ville planen ha tjent på en mer variert bebyggelse.

Støy innen industri-/næringsområdet

Planbestemmelsene sier at kommunen kan regulere aktiviteten innen industri-/næringsområdet for å hindre ulempe i form av lukt, støv, røyk, støy, brannfare, eksplosjonsfare ol. for tilgrensende strøk. Det vil her være viktig å tilrettelegge planområdet slik at trafikk til næringsområdet og tomgangskjøring av tunge kjøretøy ikke skaper støyproblemer for beboere rundt anlegget. Varetransport nattetid vil eksempelvis være en kilde til nabokonflikt og forringet bomiljø.

En må dessuten se til at ventilasjonsvifter, varmpumper, kjøleaggregater og andre tekniske installasjoner som er nødvendig for drift og produksjon ikke gir støyplage for nærliggende boliger. Støyplager fra eksisterende installasjoner er allerede rapportert av beboere nord for næringsbygget i forbindelse med 1. gangs høring. Støyproblematikken må det finnes løsninger for gjennom regulering og videre byggesaksbehandling, slik at det tette naboskapet mellom bolig- og næringsformål blir minst mulig konfliktfylt.

LOVGRUNNLAG

Uttalelsen er gitt i henhold til § 4 i forskrift om miljørettet helsevern av 25.04.2003, med hjemmel i lov om folkehelsearbeid av 24.06.2011 §§ 4, 8 og 33.

Med hilsen
Olav Mestad
kommuneoverlege
Strategi og styring

Else Jorunn Strømsheim
rådgiver
Strategi og styring

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Mottakere:

Maya Lorgen Flem

Plan og bygning

Vår referanse:
23/7501, 24/75994

Arkivkode:

Dato:
10.07.2024

Merknad - VA - Blindheimsbreivika- gbnr. 19/14 mfl.- høring- 2. gangs behandling

Vi viser til høringsbrev datert 28.06.2024. Virksomhet VA har følgende merknader til saken:

Merknad til vedlegget VA rammeplan, versjon 03, revidert 23.02.2024:

Dokumentet /notatet mangler vedlegg nr. 1-5. VA rammeplanen (Notat med vedlegg) bør i tillegg heftes sammen til ett samlet dokument.

Merknad til Reguleringsbestemmelser:

Under § 3.12 – Kommunale normer og utbyggingsavtale, bør siste avsnitt fjernes

Under rekkefølgekrav bør legges til en bestemmelse med forslag til følgende tekst:

Tekniske løsninger for vann, avløp og overvannshåndtering skal detaljprosjekteres og godkjennes i forbindelse med søknad om byggetillatelse. Løsninger skal være i tråd med prinsipp i VA rammeplan datert 23.02.2024, eller nyere versjon av denne, utarbeid av Riksheim Consulting.

Under §9.4 Avløp, vi foreslår at teksten erstattes med:

Før det gis tillatelse til oppføring av nye boliger, skal Ålesund kommune ved virksomhet vann og avløp vurdere om aktuelt avløpsrensaneanlegg har tilstrekkelig kapasitet og godkjent utslippstillatelse. Utbygger skal innhente forhåndsuttale og godkjenning fra Vann og avløp for den enkelte byggesøknad etter gjeldende praksis

Med hilsen
Magne Blindheim
ingeniør
Vatn og avløp

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Mottakarar:

Maya Lorgen Flem

Plan og bygning

Vår referanse:
23/7501, 24/76719

Arkivkode:


Dato:
15.07.2024

Blindheimsbreivika- gbnr. 19/14 mfl.- høring- 2. gangs behandling - merknader Miljø og samferdsel

Vi viser til andre gangs høyring av planen og har følgande merknadar.

1. Regulert offentlig turveg er alt for smal, denne skal vere minimum 5 m totalt, slik at det er råd å drifte og vedlikehalde den på ein forsvarleg måte. Det er på ingen måte hensiktsmessig å regulere inn ein del av strekninga som skal binde bydelane saman med turveg, så smal at kommunen ikkje vedlikeheld den. Turvegbanane skal vere grusa opp minst 2,5 m.

2. I enden av regulert turveg mot nord er det i tilgrensande reguleringsplan regulert bustadområde og privat eigedom mellom planen og offentlig veg i Remvika. Dette må det finnast ei løysing på før turvegen vert opparbeida og teken over av kommunen, slik at ikkje turvegen endar opp utan ei kopling til vegen. Sjå figur under.




3. Turveg langs sjøkanten må innregulerast, då dette er ein svært viktig trase for å binde saman områda langs sjøen og vi må ikkje få eit manglande ledd her. I tilgrensande områder har vi sett på alternative utbyggingsmetoder, så det viktigaste her er å få den regulert inn, så får ein avgjere nærare på korleis den skal byggast når den tid kjem.

4. O_TV2 og O_TV3 slik som den viser på plankartet vert vanskeleg å opparbeide i naudsynt breidde. Vi foreslår at turvegen her i standen vert gjort om til fortau, då O_KV5 likevel antakeleg vil måtte ha eit fortau med tanke på antal bustader denne vegen skal serve.

5. Det må også settast at sideareal mellom felles vegar og O_TV1, slik at private vegar og offentlig turveg kan driftast uavhengig av kvarandre, med tanke på både overvasshandtering og snølagring. Slik det ser ut på plankartet, med skulderlinje heilt ut mot formålsgrrensa, så skal det

ikkje vere sideareal på dei private vegane. Ut i frå eit vegfagleg perspektiv vil vi uansett ikkje tilrå ei slik løysing.


6. O_TV1 må grense til friområde i «dalen», med minst 6 m i grensa mot f_LEK2, slik at tilkomst mellom offentlege friområde er sikra. Dette ser litt knapt ut på planen. Sjå figur under.




7. Dersom avkørsel i nord på næringsarealet skal oppretthaldast, må siktsoner regulerast inn og opparbeidast mot nord. Denne siktsona må ta høgde for utviding med fortau og sykkelfelt på same måte som forbi tomta.

8. Ingen vegar regulert til offentleg køyreveg vert teke over før snuplass er opparbeida etter normene. Dette gjeld også O_KV5, her må ev. midlertidig snuplass opparbeidast ved ev. overtaking.

9. I påvente av vidare regulering og utbygging av O_KV5 må det i rekkjefølgekrava takast med at det skal etablerast ein midlertidig tilkomst for mjuke trafikantar til den private vegen i sør, med tanke på både tilkomst til friområda mot sørvest, men også for å gi trygg tilgang til busstopp og kryssingspunkt på fylkesvegen. Sjå figur under.



10. O_GG skal endrast til fortau, og fortauet må utvidast til normal bredde pluss breiddeutviding der det kryssar den kommunale vegen, det vert no for smalt til å kunne drifte vinterstid. Sjå figur under.



11. I pkt. 3.12 i bestemmingane må det stå «Trafikkområder, VA-anlegg og overvannssystem som er regulert til offentlig formål, eller som etter norm er egnet for kommunalt eierskap og driftsansvar, skal opparbeides i samsvar med spesifikasjonskrav angitt i kommunens normer og retningslinjer, samt i samsvar med tekniske planer godkjent av kommunens respektive fagavdelinger for de anlegg som skal overtas», då innhaldet i vedtaket det vert vist til her ikkje stemmer.

12. I pkt. 5.1 i bestemmingane står det at vegane er regulerte med 5,5 m bredde. Dette stemmer ikkje. Ut i frå kartet er køyrebanane på vegen inklusiv skulder 5,5 m brei. Vi antar at det vil seie at vegane er regulerte med ei køyrebanebredde på 4,5 m, pluss naudsynte bredde utvidingar i kryss og svingar.

13. Under punkt 6.1 er det vist til kommunen si norm frå 2018. Om denne skal refererast til må den nemnast som «utkast til norm» frå 2018, då den ikkje er vedteken.

14. Slik avkøyringane på BK4 er lagt opp langs O_KV6 i situasjonsplanen er ikkje lovlege avkøyringar til offentleg veg, der avkøyringsbredde maks er 5 m. Anten må vegen regulerast til felles veg eller så må det avklarast korleis avkøyringane mot offentleg veg skal løysast på ein måte som kan akseptast av vegmynda. Sjå området i figuren under.



15. Siksonene inne i feltet ser ikkje ut til å stemme, så desse må gåast gjennom på nytt og korrigerast.

Med helsing
Helene Vorren
rådgivar
Miljø og samferdsel

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fra: Jørgen Dag Veibust <joergendag@gmail.com>

Sendt: 07.08.2024 15:09:44

Til: Postmottak Ålesund <Alesund.Postmottak@alesund.kommune.no>

Emne: Merknad gbnr 19/14 med flere ref. 23/7501, 24/70860

Jeg er Jørgen Veibust og jeg er eier av 19/41 i Bl.Breivik. Her kommer mine merknader.

- 1). Vei over min eiendom nede i min hage mellom 19/41 og 19/164. Her er tegnet inn en vei som ingen har bruk for.
- 2). Dersom denne veien blir borte har jeg to tomter i hagen min som jeg på et senere tidspunkt kan tenke meg å selge. Dette utgjør betydelige verdier for meg.
- 3). Vei mellom 19/41 og 19/73. Vest i min eiendom. Første utkast var å rive huset som står på 19/73. Da er der rikelig med plass for å planlegge og gi grunn for en vei. Denne veien vil da bli bygget på utbyggers tomt, noe som er riktig.
- 4). Jeg har utleie i kjeller og leietaker har parkeringsplass og bruker dagens vei. Den nye veien MÅ ta hensyn til dette. Av og på kjøring MÅ fortsatt være mulig. Den nye veien MÅ ikke bli for høy slik at dette ikke blir mulig.
- 5). På det nye forslaget ser det ut som at det kommer en diger voll/mur mot mitt hus 19/41. Denne vil skape mange problem for meg. (se punkt 4). Men denne vil også gi meg sjenanse da jeg har soverom den veien. Denne vil gi utfordringer både med hensyn til innsyn, men også støy og støv. Med tanke på hvor mange bo enheter som vil måtte bruke denne veien. Den kommer til å bli sterkt trafikkert.
- 6). Min morfar og husbygger av 19/41 (Tomas Sørstrøm) ga i sin tid gratis vei grunn av 19/41. Dette for at husene 19/73 og ned på kanten 19/103 ble bygget. Jeg mener at 19/41 har avgitt nok grunn til vei. Denne veien (dagens vei) og utbygger sin tilleggs grunn, MÅ jo dekke behovet for den nye veien. Jeg forventer at utbygger MÅ avgi grunn om større vei (fortau etc) skal bygges.
- 7). I henhold til mottatt dokumentasjon skal 19/164 bli revet og erstattet av mange rekkehus. Da mener jeg at eier av 19/164 selv MÅ avstå grunn til vei på sin tomt. Denne veien MÅ ikke komme inn på 19/41. Jeg har null å tjene på å avstå grunn til veibygging/rekkehus for bygging for annen persons inntekt og rikdom.

Dette var mine merknader hva gjelder gbnr: 19/14 m/flere- høring 2.

Referanse nr: 23/7501 , 24 70860.

Jørgen Veibust
eier av 19/41.

Ber om bekreftelse på mottatt merknader

KARL-ARNE REMVIK
Remvikvegen 21
REMVIKVEGEN 21
6010 ÅLESUND
karemvik@mimer.no
+4795777394

08.08.2024

929911709
Ålesund kommune
Postboks 1521
6025 Ålesund

Tilbakemelding på 'Blindheimsbreivika- gbnr. 19/14 mfl.- høring- 2. gangs behandling'

Eigedomen gbnr 21/1 vår innan delfelt BK4 ligg heilt nord i planområdet. På grunn av at offentlig turveg, felles leikeplass og felles køyreveg er lagt på vår eigedom vil vi få redusert moglegheit for bygging av bustadar.

Leikeplassen kunne heller vore lagt lenger sør og meir sentralt i BK4, eventuelt i grensa mellom 21/1 og 19/14. vi ber om at dette vert vurdert.

Vi ber også at det vert vurdert å redusere byggegrense til 2 meter mot o_TV og f_LEK, noko som er gjort i andre planar. Det er til dømd gjort i nyleg godkjent reguleringsplan for Digerneset-Remvika, gbnr. 21/1 m. fl. Dette vil auke moglegheiter for betre plassering av bustader og utnytting av eigedomen.

image006.jpg

Ferdig





image005.jpg

Ferdig



Fråsegn til høyring

Innsendt	24.07.2024 22.56.20
ReferanseID	ALE0045-1385434
Informasjon	
Uttalelsen kommer fra	
<input checked="" type="checkbox"/> Privatperson	<input type="checkbox"/> Organisasjon
Fornavn Martha Rye	Etternavn Otterdal
Adresse Spjelkavikvegen 192	
Postnr/sted 6010 ÅLESUND	
Telefonnummer 99586899	
E-postadresse motterdal@hotmail.com	

Høringsuttalelse
Tittel på høring Blindheimsbreivika- gbnr. 19/14
Din uttalelse Vi bor i Spjelkavikvegen 192, gbnr 21/44. Vi er i utgangspunktet positive til planen, men vil påpeke følgende som vi opplever berører oss negativt. 1. Innkjørsel. Etersom leke- og parkeringsplass som opprinnelig var tegnet inn rett ved tomtegrensen vår er flyttet, ser vi mulighet for å kunne endre vår innkjørsel. Vi ønsker fremdeles å koble oss på f_KV2, og ser nå ingen hindringer for å kunne få til dette. 2. Som vi leser tegningene, er det tegnet inn 4. etasjers rekkehus vest for huset vårt. Vi ønsker at det vurderes tomannsboliger i stedet for rekkehus, ettersom store rekkehus vil ta mye av sol og utsikt for oss. 3. Som følge av ny plan må vi kjøre gjennom bomstasjon for å levere to barn på Spjelkavik Barneskole. Det er uheldig at ny kjøreveg skiller barna fra skolekretsen, fritidsaktiviteter og nærmiljøet de har tilhørighet til. Kan kommunen/vegamot se på mulighet for bomfritak for levering/henting til skole? Vennlig hilsen Martha Rye Otterdal Kim Erik Lillestøl

Vedlegg
Vedlegg
Ingen vedlegg er lagt til

Fra: "artelskann@gmail.com" <artelskann@gmail.com>
Sendt: onsdag 21. august 2024 15:30:42
Til: "Hilde Weibust" <hjlw@efh.as>
Emne: Attached Image
Vedlegg: 2043_001.pdf

Hilde J Weibust
Bryggegate 22
0250 OSLO

Oslo, 21.08.2024

Ålesund Kommune
Postboks 1521
6025 ÅLESUND

Ad Blindheimsbreivika – gbnr. 19/14 mfl.- høring- 2.gangs behandling
Deres ref. 23/7501, 24/70860

Viser til mottatt dokument av 01.07.2024, hvor det angis 'mindre justeringer', i forhold til 1.gangs behandling 08.11.2022.

Jeg vil bemerke at det for gbnr. 19/41 er gjort betydelige endringer i negativ forstand, og angir dermed følgende:

1) For tilkomstvei mellom 19/41 (og 19/192) og 19/73 er det tegnet inn en massiv utfylling (evt mur), mens det tidligere var planlagt å benytte 19/73 til en svingløsning (ref terrengsnitt 12). Denne utfyllingen vil oppleves svært skjæmmende, øke støy, redusere sol, samt forhindre bruk av eksisterende parkeringsplass for 19/41 (og gruset oppstillingsplass for 19/192).

For 19/73 vil dette medføre økt utnyttelse til næringsformål, mens de negative konsekvensene rammer 19/41. Dette oppleves svært urimelig.


2) Det nye planforslaget er utvidet med gbnr. 19/164. Det er her planlagt for riving av eksisterende enebolig, omregulering til småhusbebyggelse (rekkehus), samt planlagt for bygging av 8 rekkehus.

I den forbindelse er det tegnet inn en bred vei på 19/41, noe som vil medføre at mulighet for evt fremtidig utskilling av tomter på denne eiendommen vil falle bort. Dette vil utvilsomt få store økonomiske konsekvenser for 19/41, mens det for 19/164 vil medføre vesentlige økonomiske fordeler. Jeg stiller meg undrende til at man kan ta seg til rette på 'annen manns eiendom', og finner dette totalt urimelig.

Som et alternativ vil jeg foreslå at evt. vei mellom 19/41 og 19/164 flyttes til 19/164, i og med at eksisterende bolig der planlegges revet, og at det nettopp er denne eiendommen som har behov/fordel av denne veien.

Avslutningsvis vil jeg bemerke at jeg er innforstått med at forslagsstiller Blindheimsbreivika AS har nedlagt et omfattende arbeid for å muliggjøre detaljregulering av området, og stiller meg positiv til resterende del av planforslaget.

Med vennlig hilsen


Hilde J Weibust